




...båten frå byd'n



## Årsmelding for Eknesvågens Venner 2018

### Styret 2018.

<b>Leiar:</b>	May Britt Birkeland
<b>Nestleiar:</b>	Karstein Bjørge
<b>Kasserar:</b>	Finn Guldbrandsøy
<b>Sekretær:</b>	May Britt Birkeland
<b>Styremedlem:</b>	Bjarte Sande
	Synøve Øren
	Mette Jersin Ansnes

<b>Vara:</b>	1. Magnar Toft
	2. Ingrid Sødal Eidsnes

**Revisor:** Randi Havnerås Hummelslund

**Valnemnd:** Mary Toft, Berge Eknes.

### Styremøte.

Styret har hatt 7 styremøte i 2018. Alle på kaien.

### Medlemstal.

I 2018 var det 133 medlemer i laget.

### Økonomi.

Økonomien i laget er god, sjå vedlagt rekneskap for 2018.

### Mottekne tilskot i 2018:

Motteke 7000 kr. I kulturmidlar.



## **Brev, årsmøte og vervekampanje.**

Det vart sendt ut 88 brev til medlemmer.

## **Årsmøte for 2017.**

Var 16.april 2018 kl. 18.00 på kaien.

10 personar møtte.

## **17. mai.**

Kl. 08.00 var det som vanleg flaggheising, salutt og nedlegging av krans ved minnesmerket over Ingvald O. Eidsheim og KNM Hitra.

Kransen vert lagt ned av styremedlem i

Nordhordland Forsvarsforening, Nils Romslo.

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes var med under tale og kransnedlegginga.

Felles frukost i den festpynta kafeen.

## **2-fjellsturen.**

Tofjellsturen 2018 gjekk av stabelen 21.05. (2. pinsedag)

Turen gjekk frå Eknes vassverk kl. 11.00. Alf Nilsen var gaid.

Fleire kom til på Totlandsfjellet frå andre bygder.

Ord for dagen var ved Torbjørn Åmli.

Utdeling av årets vandrarstavar.

Turen gjekk så vidare til grindabygget på Bjørge, mat og kaffi.

## **Eknesvågdagen.**

I 2018 var det ikkje Eknesvågdag.

## **Kystsogevekene.**

### **Sundag 2.9.**

Opning av gangbru ved Stampo, ca. 25 personer møtte opp.

**Sundag 9.9.**Foredrag om Fjordabåtane, ved Øyvin Konglevoll, ca. 20 personer møtte opp.

### **Sundag 16.9.**

Foredrag om Strandamålarane, ved Øyvind Holsen, ca. 80 personer møtte opp.

Opning av Galleri Erling ved varaordførar Nina Bognøy.

Nordhordland Kunstlag hadde utstilling av bilete.

## **Julekaien.**

Julekaien 2018 var 25. november, ca. 320 møtte opp.

Løpesetlar vart lagt i postkassar i Vassel skulekrins, på Eikanger og på

Ostereidet, totalt 850 stk.

Det var i år også mange salsbuer. Salet var godt frå desse.

Bokkafeen og julemessa opna kl. 13.00.

Ca. kl. 14.30 starta programmet frå scena.

Kulturskulen deltok med to songarar, og Munnspekkammeratane bidrog med god julemusikk.

Astrid Aarhus Byrknes song til musikk av Leif Hosøy Sleire.

Utstillinga i år var laga av Ostereidet barneskule.

Kl. 16.00 tende ordføraren julegrana.

Det vart gong rundt treet med song av Alf Nilsen og ordføraren.

Til slutt kom nissen med gåver til borna.

## **Vi syng jula inn.**

13. desember kl. 18.00 – 19.30 i skulemuseet på Vassel.

Omlag 40 personar møtte. Otto Aksnes spela til songane.

Alf leia allsongen frå Eknesvågens Venner sitt julehefte.

Det vart servert kaffi, saft og julebakst. Turid Myhr las julefortelling.

## **Bokkafeen.**

Bokkafeen var open frå første søndag etter påske, til siste søndag i september.

Svein Rusten har gjort ein stor jobb med å sortera og halda system på bøkene i år også.

## **Totlandsfjellet**

Det var ca.6000 bokførde besøk på hytta på Totlandsfjellet i 2018.

Tre vandrarstavar vart trekt ut mellom dei som hadde skrive seg i hytteboka.

## **Grindabygget.**

Det har vorte skifta ein del takstein på Grindabygget i 2018.

Grindabygget vart nytta til salsbuer under julekaien.

## **Dugnad.**

Ferdigstilt brua ved Stampo.

Innreidd rommet i andre etasje til utstillingsrom, Galleri Erling, opna under Kystsogevekene.

## **Strikkekafeen**

Strikkekafeen har hatt 17 treff, 8 haust og 9 vår, ca. 6 pers. møtte kvar gong.

## **Representasjon.**

Ulike aktører for Kystsogevekene hadde møte i Ran Seilforening, Sotra 15.02 2018, Karstein og May-Britt møtte.

Kva vil vi med Kystsogevekene? Eit samarbeid mellom Radøy, Lindås og Meland kommune, 13.03.2018, Karstein og May-Britt møtte.

Vassbrukmiljø Takle, orientering om drift og historie, i samband med opning av Stampo, Karstein, May-Britt, Ingrid og Margit møtte.

Lindås Kulturråd, Karstein er med i valnemda.

### ***Media.***

Eknesvågens Venner har også i 2018 hatt eit svært godt samarbeid med lokalavisene våre, Nordhordland og Strilen.

Alle tilskippingane har fått god dekning. Det har vore førehandsomtale eller referat frå tilskippingane, av og til begge deler.

### ***Samarbeid med andre.***

Ordfører i Lindås Astrid Aarhus Byrknes og varaordfører Nina Bognøy har deltatt på ulike arrangement.

Formannskapsmedlem, Leif Hosøy Sleire var med på Julekaien.

**Styret vil til slutt takka alle som har møtt opp på tilstellingane våre, og som har hjelpt oss med dugnadsarbeid!**